



## Møtebok Fjordvegen Rute 13

### Styremøte 27.04.2021, kl 13.00-15.00 Stad: Videomøte

**Deltakarar:** Gerd Helen Bø, Irene Heng Lauvsnes, Morten Midlang, Sigbjørn Hauge  
Toralf Mikkelsen, Roald Aga Haug

**Sekretariatet:** Jostein Eitheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

**Forfall:** Kristoffer Amdal

Ingen merknader til innkalling eller sakliste.

#### **Sak 09/21 Meldingar**

Ingen meldingar framlagt.

#### **Sak 10/21 Årsmøte 2021**

Årsmøtet vert avvikla som nettmøte 26. mai 2021

- Jfr. Vedtekter for Fjordvegen Rute 13
- Årsmøtesaker førebuing:
- Innkalling til årsmøte 26.05.2021  
Innkalling vart godkjent.
- Årsmelding 2020  
Årsmelding vart gjennomgått på kapittelnivå og mindre justeringar vart gjort. Korrigert versjon vart godkjent.
- Rekneskap 2020  
Rekneskap 2020 vart godkjent
- Revisormelding 2020  
Revisormelding vart teken til orientering
- Strategi- og handlingsplan 2022 - 2024  
Framlagt Strategi- og handlingsplan vart godkjent
- Langtidsbudsjett 2022 - 2024  
Ref. årsmøtesak 4/21 Kontingent 2022.  
Etter ei grundig drøfting vart langtidsbudsjett 2022 - 2024 godkjent med ein kontingentauke for 2022 på kr 5.000 for kommunar og regionråd. Ny årskontingent for kommunar vert kr 45.000.  
MRK I samband med drøftinga omkring langtidsbudsjettet kom det forslag om at Sogn regionråd og Ullensvang Handel bør inviterast inn som medlem i Fjordvegen Rute 13. Styremedlemmene og administrasjonen må også ha eit kontinuerleg fokus på korleis vi kan få fleire verksemder og næringsorganisasjonar inn som medlemmer i selskapet.

Sak 11/21 NTP arbeid vidare

- Påverknadsarbeid mot Stortinget våren 2021

Styret har gjennomført egne nettmøter med alle parti som er representert på Stortinget med unnatak av Senterpartiet. Sigbjørn Hauge tek no kontakt med Nils T Bjørke på Stortinget for å avtala tid og deltaking i eit snarleg nettmøte mellom styret i Fjordvegen og Senterpartiet.

Hanne Sundbø orienterte om innhald som omtalar Rv 13 i rapport frå Nye Veier AS; Nye Veiers prioriteringar NTP 2022-2033.

Styret ønskjer eit møte med Nye Veier AS for om mogeleg å få svar på sentrale spørsmål kring øk. rammor, prioriteringar og framdrift vedr. tiltak langs Rv13 på strekninga Skare - Sogndal.

Administrasjonen tek kontakt med Nye Veier for å avtala møte. Eit slikt møte må vera godt førebudd og om mogeleg vera fokusert rundt spørsmål som er oversende på førehand.

I tillegg må styremedlemmer arbeida mot egne partigrupper for å påverka til at dei økonomiske rammene for rassikringsprosjektet i Rødsliane vert fullfinansiert i første periode samt at dei årlege løyvingane til Nye Veier vert auka i takt med den utvida porteføljen kva gjeld strekningar som i NTP 2022-2033 er føreslegne overført til Nye Veier AS.

Sak 12/21 Hanne informerer

- Oppfølging av strategi- og handlingsplan

Sak 13/21 Fast Post:  
Gjennomgang av status for Rv13

Sak 14/21 Innmeldte saker/Ymse

**MRK:** Sakene 12 - 14/21 vart ikkje handsama i møtet.

Kinsarvik, 27.04.2021

Jostein Eitrheim  
referent